



## NOREGS HØGSTERETT

Den 22. januar 2016 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Webster og Kallerud i

**HR-2016-00167-U, (sak nr. 2015/2294), straffesak, anke over dom:**

A

(advokat Harald Pleym)

mot

Den offentlege påtalemakta

gjort slik

### V E D T A K :

- (1) Sak gjeld krava til domsgrunnar ved domfelling for grovt aktlaus lekamsskading ved føring av motorvogn.
- (2) A vart tiltala 22. desember 2014 for brot på straffelova 1902 § 238 og vegtrafikklova § 31 første ledd jf. § 3.
- (3) Nord-Troms tingrett gav 12. mars 2015 dom med slik domsslutning for straffekravet:

**"A, født 00.001971, frifinnes for tiltalen post I og II.**

**Han frifinnes for krav om tap av retten til å kjøre førerkortpliktig motorvogn."**

- (4) Påtalemakta anka dommen til Hålogaland lagmannsrett, som 23. oktober 2015 gav dom med slik domsslutning for straffekravet:
  1. **A, født 00.00.1971, dømmes for overtredelse av straffeloven § 238 og vegtrafikkloven § 31 første ledd, jf. § 3, sammenholdt med straffeloven § 62 første ledd, til fengsel i 21 – tjueen – dager.**
  2. **A, født 00.00.1971, idømmes tap av førerett for et tidsrom av 9 – ni – måneder fra dommen er rettskraftig. Til fradrag kommer 9 – ni – måneder for midlertidig beslag av føreretten."**

- (5) A har anka til Högsterett. Anken gjeld saksbehandlinga i lagmannsretten. Det er gjort gjeldande at domsgrunnane hos lagmannsretten er mangelfulle med omsyn til årsaka til kollisjonen. I ankeerkläringa blir det vist til lagmannsrettens vurdering av om tiltaltes bil kom "sigende over" i motsett køyrebane eller om dette skjedde "plutselig". Seinare er det også gjort gjeldande at grunngivinga er mangefull i tilknyting til vurderinga av om ulukka kan skuldast ein teknisk feil.
- (6) *Påtalemakta* har gitt uttrykk for at det ikkje heftar manglar ved grunngivinga. Det same har bistandsadvokaten uttala på vegner av den krenkte.
- (7) *Högsteretts ankeutval* viser til at A vart frifunnen i tingretten men domfelt i lagmannsretten, og at han har ankerett i medhald av straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum jf. andre ledd andre punktum. Anken kan berre nektast fremja dersom ankeutvalet ved eit grunngitt vedtak finn det klart at anken ikkje vil føre fram.
- (8) Etter straffeprosesslova § 40 femte ledd skal domsgrunnane ved domfelling etter behandling i meddomsrett "angi hovedpunktene i rettens bevisvurdering". Retten skal gjere greie for dei sentrale punkta og kort seie kva som har vore avgjerande for bevisvurderinga, jf. Rt. 2013 side 169 avsnitt 12 med vidare tilvising til Rt. 2011 side 172 avsnitt 29 og Rt. 2009 side 1439 avsnitt 38.
- (9) Den domfelte har grunngitt anken i to omstende, som begge knyter seg til vurderinga av årsaka til hendinga.
- (10) For det første har han gjort gjeldande at lagmannsretten ikkje i tilstrekkeleg grad har forklart kvifor han har lagt til grunn at sideforskyvinga av bilen "har tatt en viss tid" når vitna til ulykka forklarte at bilen "plutselig" kom over i motsett køyrebane. Utvalet kan ikkje sjå at punktet treng nærmare forklaring. Lagmannsretten underbygde bevisresultatet om at sideforskyvinga hadde tatt ei viss tid, med å vise til forklaringa frå den rettsoppnemnde sakkunnige, til forklaringa frå den krenkte og til bilde av hennar bil og til plasseringa av denne bilen etter kollisjonen. Dette står ikkje i motstrid til at vitna, som kom køyrande etter den krenkte i høg fart i ei 90-sone, opplevde at den domfelte i sin bil "plutselig" kom over i motgåande køyrebane. På dette punktet er det såleis ikkje manglar ved grunngivinga hos lagmannsretten.
- (11) For det andre er det vist til at lagmannsretten ikkje har nemnt dei internettmeldingane som vart lagde fram under hovudforhandlinga, der brukarane av den same biltypen har meldt frå om mellom anna plutselg styringssvikt. Lagmannsretten har funne å kunne sjå bort frå tekniske feil. Det vart vist til forklaringa frå den rettsoppnemnde sakkunnige, som forklarte seg også om dette punktet. Vidare uttala retten at det ikkje var indikasjonar før ulykka eller funn på ulykkesstaden, som kunne indikere at det hadde vore ein teknisk feil ved køyretøyet. Det kan etter utvalet sitt syn ikkje krevjast at retten direkte kommenterer internettmeldingane – som etter det opplyste var anonyme. Heller ikkje på dette punktet er det manglar ved grunngivinga hos lagmannsretten.

- (12) Utvalet er etter dette samråystes kome til at anken klart ikkje vil føre fram, og anken blir etter dette nekta fremja, jf. straffeprosesslova § 323 første ledd tredje punktum.

S L U T N I N G :

Anken blir nekta fremja.

Bergljot Webster  
(sign.)

Karl Arne Utgård  
(sign.)

Knut H. Kallerud  
(sign.)

Riktig utskrift: